



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato  
31.08.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/11320 522.1  
Dykkar referanse

Til kommunane i Hordaland

### Spreiing av husdyrgjødsel hausten 2016

Juli og august har vore særskilt våte og med vanskelege tilhøve for både slått og utkøyring av husdyrgjødsel. Dette vil også kunne gi problem med lagerkapasiteten for gjødsel kommande inneføringssesong. Kva løysingar finst?

#### Frist 1. september.

Overflatespreiing på eng er som kjent tillate til og med 1. september. Nedfelling av gjødsel (til dømes DGI) er ikke overflatespreiing, og er difor formelt lov til og med 1. november. Dette er likevel ein praksis som absolutt ikke er tilrådd, både grunna fare for jordpakking og fare for avrenning.

Les meir [om spreietidspunkt hos Fylkesmannen i Hordaland](#).

#### Dispensasjon for seinare spreiing

Kommunen kan ved forskrift eller enkeltvedtak tillate ein seinare frist for overflatespreiing enn 1. september, men ikke seinare enn 1. oktober. Jmf Forskrift om gjødselvarer § 23. Dette må bli vurdert opp mot klimatiske tilhøve og vasskvalitet i kommunen. Nokre kommunar har eigne lokale forskrifter med seinare frist.

Brukane må planleggje og gjennomføre lagring og bruk av gjødsla slik at dei fristane som gjeld i kommunen kan overholdast. Dispensasjon for forlenga frist skal berre bli gitt unntaksvis.

#### Enkeltvedtak

Det mest ryddige vil vere at kvart føretak som har behov for spreiing etter fristen søker kommunen om dispensasjon. Kommunen kan då handsama kvar sak separat. Kommunen må leggje vekt på at det blir spreidd på areal der risiko for avrenning og ureining er minimal. Slike areal kan til dømes vere:

- Flate areal og eller «dalsøkk» som ligg minst 50 meter fra vassdrag (vatn, elvar, bekker, opne kanalar og grøfter).
- Område som drenerer direkte til sjø med gode straumtilhøve. Ein må vurdere lokale omsyn, sårbare artar mm.

Kommunen bør samstundes avklare om føretaket fyller krava til lagringskapasitet og tilstrekkeleg spreieareal. For lite spreieareal eller lagringskapasitet er i seg sjølv ikke særlige grunnar til å spreie gjødsla etter at gjeldande fristar har gått ut.

For å få dispensasjon må det ligge føre skriftleg søknad (per brev, e-post eller personleg frammøte). For å handsame søknaden treng kommunen informasjon om:

- Tidsrom
- Kva areal søknaden gjeld for (med kart).
- Mengd og type husdyrgjødsel som er tenkt spreidd. Spreiemetode.
- Kor mykje husdyrgjødsel som allereie er spreidd på areala.
- Om «alle steinar er snudd» for å auke lagerkapasiteten slik at det er nok plass fram til våren. Vil bruk av tilleggslager, mellombels lager eller transport av gjødsel til andre lager gjere at det ikkje er behov for å spreie gjødsel seint om hausten?

Vi understrekar at dispensasjonar berre blir gitt som ein naudløysing for å forlenge lagerkapasiteten. Kommunen kan ikkje gi løyve til overflatespreiing mellom 1. oktober og 15. februar.

Kommunen må leggje opp til ei rask sakshandsaming, men ingen må spreie gjødsel før kommunen har stadfesta eit positivt vedtak. Kommunen kan leggje avgrensingar på mengd per dekar, avstand til vassdrag og kva teigar på føretaket dispensasjonen gjeld for. Spreiing av husdyrgjødsel etter fristen i aktuell kommune, utan slik dispensasjon, kan føre til avkorting i produksjonstilskotet og vil også bli vurdert meldt til politiet.

### **Kommunal forskrift for 2016**

Kommunen har ikkje høve til å «gi ein generell dispensasjon / utsetjing av fristen». Ein generell dispensasjon vil vere det same som forskrift.

Kommunen kan fastsetje ei forskrift der ein gir utsett frist. Dette er heimla i Forskrift om gjødselvarer § 23, 3. ledd. Ei forskrift gjeld ein «ubestemt krets av personar», jmf at kommunen ikkje veit konkret kva føretak som har behov for utsett frist. Forskrifta kan vere tidsavgrensa, slik at den berre gjeld inneverande sesong. Normalt sett skal ein gjennomføre høring av forskrift før fastsetjing. Av omsyn til knapp tid, kan det i dette tilfellet vere tilstrekkeleg at høyringa blir forenkla til å innhente uttaler, til dømes frå lokal organisasjonar. Forvaltningslova gir heimel til slik framgangsmåte.

Kommunen bør setje avgrensingar og vilkår som ein finn riktig for å innfri formålet i forskrift om organisk gjødsel («forebygge forurensingsmessige ulemper», «utnyttes som en ressurs»). Det kan vere avgrensing i virkeområde, til dømes unntak for utsette vassførekommstar. Kommunen kan også bestemme ei meldeplikt for føretak som ønskjer å spreie etter 1. september. Ein slik meldeplikt gir kommunen moglegheit for kontroll med spreiinga. Meldeplikt kan også gi auka medvit og synleggjere alvoret. Ein kan få innrapportert både dato for spreiing, og om det er spreidd meir gjødsel enn behovet for gjenveksten, samt om det er tilstrekkeleg kapasitet til å overlagre gjødsel til neste år.

Det er viktig å «ramme inn» dispensasjonen godt, slik at det ikkje blir ein blankofullmakt. Det er nødvendig å avgrense med tidsfrist mm. Ein kan i tillegg setje vilkår om å unngå spreiing på areal med særleg fare for ureining, til dømes mot vassdrag. Dess meir romsleg tidsfristen er, dess større behov for slike restriksjonar

av omsyn til ureining. Det kan vere aktuelt med ein nokså stram tidsfrist, så kan behov utover dette bli handtert med søknad frå den enkelte.

I tilhøyrande rettleiing kan kommunane vise til at gjødslinga skal følgje gjødslingsplanen, der ein held att den gjødselmengda som trengst til attveksten. Mengd gjødsel skal vere tilpassa behovet. Lagringskapasiteten skal vere så stor at det ikkje blir behov for å spreie gjødsel seinare på hausten og tidlegare om våren enn det som er lovleg. Lageret skal ha kapasitet til å oppbevare eventuell gjødsel som måtte liggje att etter siste utkøyring. Lagringskapasiteten skal vere minimum 8 månaders produksjon.

Med helsing

Dirk Kohlmann  
Ass. Landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*